



Statens vegvesen

Notat

Til: Ann Kristin Nes
Frå: Vegteknisk v/ Reidun Nikolaisen og Jan Helge Aalbu
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Reidun Nikolaisen- 57655801
Vår dato: 09.02.12
Vår referanse: 2010/004953-037

Fv 614, Hp 2, ca. km 9,4-10. Synfaring etter snøskred i Magnhildskaret, Bremanger kommune. Geologisk notat 36040-460

Situasjon

Søndag 05.02.12 ca. kl 21.30 gjekk det eit snøskred i Magnhildskaret. Skredet var ca. 150-200 meter breitt der det gjekk over vegen, og hadde ein høgde på vegen på om lag 2,5 meter. Ein bilist køyrde inn i skredet, men ingen personar kom til skade. Vegen vart stengd etter raset, og ein var bekymra for 2-3 områder der det var ein del snø att. Vegteknisk vart derfor bedt om å gjere ei vurdering. Synfaring vart utført måndag 06.02.12, både frå helikopter og frå veg. Tilstade var Jan Helge Aalbu, Reidun Nikolaisen og Skule Jakobsen (SVV) samt Hans Hjorteseth (Mesta).

Vurdering

Det hadde i løpet av helga vore mykje nedbør i form av snø, og sterk vind i området. Vinden hadde søraustleg retning, noko som er ugunstig for akkumulasjon av snø i fjellsida mot vegen, og det hadde danna seg skavlar langs kanten av fjellsida, sjå figur 1. Måndag hadde vinden løya og det var ikkje meldt om meir nedbør utover dagen. Det var lite snø i fjellsida i underkant av skavlane, sjå figur 2. Det var relativt mildt på formiddagen på måndag, noko som også bidreg til å stabilisere snødekket. Ved synfaring frå helikopter vart det lokalisert spesielt to skavlar og eit område med der det hadde samla seg ein del snø, sjå figur 3.

Normalt vil ein ved Magnhildskaret kunne nytta taubane og sende opp dynamitt for å sprengje ned akkumulert snø og skavlar, men denne vart skada under romjulsstormen 2011 og er ikkje i drift. Det vart derfor gjort forsøk på å sprengje ned snøen med daisy-bell frå helikopter. Det vart skutt omkring 50 skot på ulike stader langs kanten. Det kom ned litt snø enkelte stader, men det var i hovudsak den øvste lause snøen som kom ned. Der det kom ned snø vart denne pulverisert før den nådde vegen.

Snøen som ligg langs kanten verka stabil, og det er relativt lite snø nedover fjellsida. Vêrmeldingane tilseier at det ikkje kjem meir nedbør i området det nærmaste døgnet, samtidig som det ikkje er meldt om kraftig vind. Det er derfor ikkje truleg at det vil samla seg meir snø i fjellsida, og det vart vurdert som forsvarleg å rydde og opna vegen forbi.

Tiltak


Det vart gjort forsøk på å få skutt ned snø med daisy-bell. Det var mogleg å få ned noko av den øvste lause snøen, men det meste av snøen hadde satt seg i det milde veret. Vegen vart rydda og opna for trafikk.



Figur 1: Skavel langs fjellkanten sett fra helikopter



Figur 2: Lite snø nedover fjellsida



Figur 3: Ca. områder med akkumulert snø